

ARD AREALPLAN AS  
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30  
5008 BERGEN

---

Dato	16.08.2022
Vår referanse	2022/64795-10
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Arvid Hauge
E-post	Arvid.Hauge@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til melding for utviding av plangrense av detaljregulering for gnr. 43 bnr. 56 m. fl., Ryland planID 1256 2017 0001, Alver kommune

Vi viser til brev datert 20.06.22 om utviding av plangrense av detaljregulering for gnr. 43 bnr. 56 m. fl., Ryland B11/B15, planID 1256 2017 0001, Alver kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for rundt 100 bustader med tilhøyrande infrastruktur. Føremålet med utvidinga er å justera plangrensen etter vedteken områdeplan for Rylandshøgda for å sikra ein samankøyrte og heilskapleg planlegging i området. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til framtidig bustadområde.

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer meldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Kulturminne

Vestland fylkeskommune viser til innspel til oppstart av arbeid med reguleringsplan for Ryland datert 25.09.2018, der vi blant anna opplyser om behov for ei kulturminnefagleg synfaring.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Områdets høgd over havet og topografiske forhold indikerer potensial for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Dyrka mark har potensial for funn av åkrar og gardstun med hus frå stein-, bronse-, jarn- og mellomalder. Området har potensial for kulturminne i samband med bruk av utmark, som jarnvinne, tufter, tjøremile. Vestland fylkeskommune finn det difor naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar for å avklare om tiltak etter planen vil kunne råke automatisk freda kulturminne, jmfør § 9 i kulturminnelova. Planforslaget utgjer eit større privat tiltak, og jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova må kostnadane ved registreringa dekkast av tiltakshavar.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn til planen etter den varsla registreringa.

### *Skildring av den arkeologiske registreringa*

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved registreringa skal vi nytte metodane prøvestikking, maskinell sjaking og overflateregistrering.

Maskinell fleteavdekking vert nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i noverande og tidlegare dyrka mark. Ein nyttar då gravemaskin til å fjerne moldlaget ned til undergrunnen eller til uforstyrta lag med funn av førhistoriske spor. Slike spor kan vere stolpehol og vegggriller etter gardshus, kokegropar og eldstadar, ardspor, dykringsrestar med meir. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i opptil tre meters breidde og i varierende lengde.

I tillegg til bruk av maskin vil deler av arealet verte overflateregistrert for å påvise og synleggjere eventuelle strukturar på overflata, samt at ein vil grave manuelle prøvestikk som primært blir nytta til å påvise steinalderbusetnad. Ved prøvestikking grev vi prøveruter for hand på om lag 40x40 cm ned til funntom undergrunn. Jordmassane blir oftast vass-sålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle funn.

Dersom det vert påvist strukturar, lokalitetar osb. som inneheld organisk materiale vil det verte teken ut prøvar for mellom anna 14C-dateringar.

Førhistoriske strukturar og funn samt sjakter og prøvestikk vert dokumentert ved planteikning, foto og innmålt digitalt med CPOS/GPS.

#### *Omfang av den arkeologiske registreringa*

Det er budsjettert med to personar i felt i inntil 8 dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil 9 dagsverk til førebuing, rapportering og oppfølging. I tillegg kjem inntil 5 stk. 14C-prøver i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

Resultata frå registreringa vert systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast ut før den endelege rapporten er ferdigstilt dersom det er ynskjeleg.

Det er estimert bruk av gravemaskin i felt til 7 dagsverk. I tillegg kjem tidsbruk for attfylling av sjaktene. Vi ber tiltakshavar ordne med gravemaskin til arbeidet. Arkeologisk registrering med maskin er presisjonsarbeid og må utførast av godkjent førar og maskin. Maskina må vere 10 – 15 tonn med pusseskuffe og rotortilt. Tiltakshavar har ansvar for gravemelding og naudsynte opplysningar om kablar, vassleidningar o.l., sjå også akseptskjemaet. Eventuelle følgjeskader (som for eksempel erstatning for avlingstap, attendeføring av drenering, gjerde) er å rekne som privatrettslege forhold som blir avklara mellom tiltakshavar og grunneigar/andre.

Budsjett for registreringa er lagt ved, jf. kml. § 10. Vi tek atterhald om justering av tid knytt til førebuing, felt- og etterarbeid innanfor budsjettet og eventuell auke i satsar. Vi må også ta atterhald om ytterlegare undersøking og endring av budsjett viss planen blir endra undervegs eller ved uføresette hendingar. **Kostnader til gravemaskin, gravemelding, kabelpåvising og arbeidsbrakke er ikkje inkludert i budsjettet.** Tiltakshavar blir fakturert for nytta tid og kostnader.

Vi legg registreringa inn i arbeidsplanen når vi mottar utfylt akseptskjema, sjå vedlegg. Registreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltsesongen vår er normalt frå april til november. De blir kontakta i forkant av registreringa.

Vi ber om at utfylt akseptskjema snarleg vert send til sakshandsamar Sigrun Wølstad, slik at vi kan leggje inn registreringa. Vi gjer dykk oppmerksom på at feltplanen er fullt ut året, så den arkeologiske registreringa kan ikkje gjennomførast før i 2023.

#### Vedlegg

- 1 Kostnadsoverslag \_Ryland
- 2 Akseptskjema (2)

#### Samferdse!

##### *Generelle innspel til planarbeidet:*

Avdeling for infrastruktur og veg bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar

- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

### *Særleg innspel*

Kartet som er lagt ved oppstartsvarelet viser ei plangrense som omfattar kryssområdet med levegen og strekninga langs fv. 5316 Eikelandsvegen. Det er vanskeleg på bakgrunn av tilsendte plangrense å vurdere om det er tatt med tilstrekkeleg areal for å vurdere naudsynt utbetring av fylkesvegen. Det må vere satt av areal for å utbetre standarden på fylkesvegen og tilrettelegging for mjuke trafikantar, samt at det skal vere tilstrekkeleg sideareal langs fylkesvegen. Vi ber difor om at plangrensa vert utvida langs fylkesvegen.

Det er ei viktig målsetjing for Vestland fylkeskommune at fleire skal sykle og gå i kvardagen. Det vidare planarbeidet må ha fokus på infrastruktur for mjuke trafikantar som er effektiv, trafikktrygg og universelt utforma. Dette vil legge gode rammer for at ein kan velje gange og sykkel som transportmiddel. Vi vil og vise til Regional areal og transportplan (2017 - 2028) som stiller krav om trygg veg til grunnskule og kollektivstopp for nye større bustadområde.

Når det er satt av tilstrekkeleg areal til utbetring av fylkesveg og tilbod til mjuke trafikantar, kan vi vurdere ei byggjegrense langs fylkesvegen som er snevrare enn 50 meter frå vegmidte. Behov for areal til utbetring av infrastruktur vil utgjere ein vesentleg del av vår vurdering kva byggjegrense som kan akseptertast på strekninga.

Det vidare planarbeidet må samordne og innarbeide relevante rekkefølgjekrav slik dei kjem fram av områderegulering for Rylandshøgda, og slik at det vert stilt like krav til opparbeiding av infrastruktur. Ein må og vurdere om områdeplanen har dimensjonert veganlegga tilstrekkeleg for utbygging som kjem som følge av utbygging av det pågåande planarbeidet. Til slutt må det stillast relevante rekkefølgjekrav om opparbeiding av infrastruktur før det vert gjeve løyve til igangsetjing innanfor planområdet.

Eventuelle fråvik frå vegnormalane må avklarast før planen vert vedtatt. Planarbeidet må stille krav om at gjennomføringsavtale og byggjeplan skal godkjennast av Vestland fylkeskommune som vegeigar.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/> .

### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune viser til tidlegare fråsegn i saka datert 25.09.2018, og har ikkje ytterlegare merknadar i saka ut over dei som kjem fram her vedrørande kulturminne og samferdsle. Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg vekt på desse.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

Arvid Hauge  
rådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

1 Kostnadsoverslag \_Ryland

2 Akseptskjema (2)

## Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for PKF - plan, klima og folkehelse

Karoline Hareide Breivik Sigrun Wølstad, avdeling for KII - kulturarv

Janne Grønli, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

## Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2